



Årsmelding PPT og OT i nedre Hallingdal IKS 2015

- **PPT og OT nedre Hallingdal IKS si oppgave og mål for tenesta**

Tenesta er kommunen og fylkeskommunens 1.lineteneste innanfor fagfeltet pedagogikk og utviklingspsykologi (jf. Opplæringslova § 5-6 «*Pedagogisk-psykologisk teneste*»). Tenesta sitt ansvar omfattar barn og ungdom med særskilte behov i barnehagealder, på grunnskulenivå og vidaregåande opplæring samt vaksenopplæring. Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og Oppfølgingstenesta (OT) i nedre Hallingdal IKS har ansvar for, og ivaretek, oppgåver overfor alle elevar i begge dei to vidaregåande skulane i Hallingdal. Selskapet er gjennom OT også ansvarleg for elevar som av ulike grunnar ikkje er i vidaregåande opplæring. Tenesta ser det som si oppgave å medverke til den pedagogiske og utviklingspsykologiske kompetansen i kommunane og fylkeskommunen ved å komplettere den fagkunnskapen som barnehagar og skular har.

Arbeidsmengda per i dag er i hovudsak knytt til individrelaterte saker der føresette, barnehagar eller skular ønskjer oppfølging av enkelteleven sine behov for spesielle tiltak. I tillegg har tenesta som oppgave å delta i systemretta skuleutvikling – slik som tverrfaglege team, møte på skular og i barnehagar, rettleiing, konsultasjonar, kurs, og å arrangere nettverkssamlingar og kompetansehevingstiltak knytt til opplæring for barn og elevar med særskilte behov.

Det systemretta arbeidet er søkt prioritert, men melde enkeltsaker til sakkunnig vurdering har framleis stort omfang og må lovmessig prioriterast. I systemarbeidet ønskjer tenesta blant anna å fokusere på tilpassa opplæring, fordi fleire strukturerte tiltak innanfor tilpassa opplæring vil føre til mindre behov for spesialundervisning.

- **Styring**

Selskapet

Pedagogisk-psykologisk teneste og oppfølgingstenesta i nedre Hallingdal IKS vart oppretta 01.08.03. Frå 01.05.05 har hallingdalskommunane Flå, Nes, Hemsedal og Gol og Buskerud fylkeskommune (Bfk) vore deltakarar i selskapet. Retningsliner for arbeidet i selskapet går fram av selskapsavtalen. Selskapet ivaretek etter sitt føremål dei oppgåvene som går fram av opplæringslova kap.5, jf.§§ 5-6 og 5-7.

Representantskapet

Det øvste organet for tenesta er Representantskapet som består av eitt medlem per deltakar med personleg varamedlem. Deltakarane vel representantskapsmedlem kvart 4.år – etter kommunevalet.

Representantskapet for perioden 2011-2015:

Flå:	medlem: Ordførar Tor Egil Buøen	vara:	Karsten Ekeren
Nes:	medlem: Ordførar Tor Oscar Magnussen	vara:	Kjell Ålien
Hemsedal:	medlem: Ordførar Oddvar Grøthe	vara:	Helene Sagabråten
Gol:	medlem: Ordførar Hallvor Lilleslett (leiar)	vara:	Hanne Brunborg
Bfk:	medlem: Gruppeleiar SP Ole Johnny Stavn	vara:	Sissel Hovland

Representantskapet for perioden 2015-2019 (etter kommunevalet hausten 2015):

Flå:	medlem: Ordførar Tor Egil Buøen	vara:	Kristin Gullingsrud
Nes:	medlem: Ordførar Tore Haraldset	vara:	Gerd Jorde
Hemsedal:	medlem: Ordførar Oddvar Grøthe	vara:	Kjell Erik Skølt
Gol:	medlem: Ordførar Heidi Granli	vara:	Hallvor Lilleslett
Bfk:	medlem: Sissel Urke (V)	vara:	Iselin Haugo

Styret

Styret er eit fagstyre som består av følgjande medlemmar med personleg varamedlem:

Leiar:	Gol	Astrid Myro Rust	vara:	Hemsedal	Astrid Nilstad
Nestleiar:	Nes	Petter Rød Knudsen/Hanne Brunborg	vara:	Flå	Erling Glesne
Styremedlem:	Bfk	Grete Golberg	vara:	Bfk	Oddvar Skråmestø

Styret har hatt 6 møte og handsama 28 saker i 2015.

Dagleg leiar

Dagleg leiar er Gry Elisabeth Bjerknæs.

• Tal frå arbeidet

Tal på saker fordelt på eigarkommunane - kalenderår				
Kommune	01.01.13	01.01.14	01.01.15	01.01.16
Flå	30	29	30	26
Nes	79	78	76	72
Gol	101	106	112	111
Hemsedal	57	62	64	68
Bfk	99	97	93	95
<i>I alt</i>	<i>366</i>	<i>372</i>	<i>375</i>	<i>372</i>

Utvikling i tal på saker - skuleår			
Skuleår	Systemsaker	Klientsaker	Nytilmelde
2009/10	29	407	103
2010/11	25	401	119
2011/12	21	397	98
2012/13	19	389	93
2013/14	22	396	112
2014/15	24	391	91

Behovet for hjelp frå PPT og OT i høve til ulike brukargrupper og deltakarkommunar varierer noko frå år til år. Grad av involvering, engasjement og tidsbruk i dei ulike klientsakene vil variere mykje. Tala per 01.01.2016 viser at det var 29 aktive saker i førskulealder, 247 aktive saker i grunnskulen, 87 aktive saker i vidaregåande opplæring og 9 saker i vaksenopplæringa.

I prosjektet Felles løft for tidleg innsats i Hallingdal er fokusområda tidleg innsats og å auke forståinga for barn si sosiale og språklege utvikling. I 2015 starta dette arbeidet i barneskulen. Skulane har ein PP-rådgjevar som har følgd opp ressurspersonane i alle grunnskulane i Hallingdal med rettleiing og gjennomføring etter samlingane i løpet av skuleåret 2015/16.

Våren 2015 måtte tenesta opprette venteliste på individsaker der tilvisingsårsaka var språk-, skrive- og lesevanskar. Dette fordi pågangen var stor, og dei medarbeidarane som har rett fagkompetanse, hadde for mange aktive saker. I tillegg til ventelista er utgreiingstida for lang. Ein rådgjevar i 100 % stilling har opp mot 70 klientsaker. Dette inneber at den sakkunnige prosessen vil ta lengre tid enn tre månader – som er grensa for handsamingstid for sakkunnig vurdering. Det er utfordrande å rydde plass til nye utgreiingar. På representantskapsmøte i mai 2015 vart det oppretta ei ny 100 % PP-rådgjevarstilling frå 01.08.2015. Dette førte til at det ikkje var venteliste frå hausten av.

• Økonomi/Ressursar

Innbetaling frå eigarkommunane	Fordelingsnøkkel % frå 01.01.2014	2014	2015
Gol kommune	30,11	2 126 560 kr	2 199 692 kr
Hemsedal kommune	15,22	1 074 932 kr	1 113 798 kr
Nes kommune	20,96	1 480 328 kr	1 531 237 kr
Flå kommune	6,44	454 832 kr	470 476 kr
Buskerud Fylkeskommune	27,27 + ekstra tenester.	2 427 364 kr	2 511 152 kr

Det rekneskapsmessige talet for driftsinntekter 2015 var 8 754 623 kroner og driftsutgifter 8 739 700 kroner, før finanspostar og avsetningar.

Det samla resultatet i rekneskapsmessig mindreforbruk på 78 242 kroner. Dette inkluderer bruk av 57 521 kroner frå disposisjonsfondet og sjukelønsrefusjon på 715 315 kroner knytt til fleire langtidssjukemeldingar i 2015.

Tidlegare vedtak om å nytte 331 000 kroner av disposisjonsfondet til å dekkje løn og lønsrelaterte utgifter i samband med den nye 100 % PP-rådgjevarstillinga, har ikkje vore nødvendig å setja i verk fordi utgiftene har vorte dekte av sjukelønsrefusjonane.

Styret innstiller på at det positive resultatet i 2015, med eit driftsmessig overskot på 78 242 kroner, blir sett av til fond. Styret vil føreslå at mindreforbruket i 2015 skal kunne nyttast til å dekkje utgiftene til det pågåande prosjektet «Struktur og arbeidsmiljø».

Ved utgangen av 2015 står det 1 963 450 kroner på disposisjonsfondet. Til ei kvar tid er det nødvendig for selskapet å ha ein viss sum på fond for å kunne sikre likviditeten til selskapet. Denne summen bør representere minst 10 % av totale lønnsmidlar, per i dag om lag 850 000 kroner.

Som vedteke på representantskapet i mai 2015, skal 300 000 kroner frå disposisjonsfondet kvart år i budsjettperioden 2016 – 2019 vera med på å dekkje lønnsutgiftene til den nye PP-rådgjevarstillinga. Totalt blir dette 1,2 mill kroner som skal belastast fondet i perioden.

Personale

Teneste	Faste stillingar per 01.01.2016				Relevante tal frå arbeidsområdet		
	Leiar	PPT	OT (vgs)	Merkantil	Kommunar	Einingar	Barn/elevar
PPT og OT i nedre Hallingdal IKS	1,0	7,1	1,0	1,0	5	19	2488 (14/15)

PPT og OT i nedre Hallingdal IKS har totalt 10,1 stillingsheimlar inklusiv dagleg leiar, merkantil og OT-rådgjevar.

Tenesta har to team;

- *Team I* dekkjer førskulenivå og grunnskule ut mellomtrinnet (til og med 7. trinn).
- *Team II* dekkjer ungdomsskule, vidaregåande opplæring (skuleelevar og lærekandidatar) og vaksenopplæring.

Det er tilsett fagfolk i alle stillingane. Tenesta har god tverrfagleg samansetjing og består av vernepleiar, sosionomar, førskulelærar og pedagogar med vidareutdanning og/eller master; - cand.mag., cand.polit., cand.ed og cand.pschol. Dei siste åra har tenesta hatt fokus på å tilsetja fagpersonar med høgare utdanning og tverrfagleg kompetanse for at PPT og OT i nedre Hallingdal IKS skal kunne yte eit utvida fagleg tilbod til kompetansen i barnehagar og skular.

• Vidareutvikling av tenesta

Kompetanseutvikling

Høg fagleg kompetanse er viktig. Tenesta er avhengig av at dei tilsette opprettheld og vidareutviklar kompetansen sin slik at tenesta kan møte behova som blir melde, og krav som blir stilte. Det blir derfor stimulert til etter- og vidareutdanning. Dei tilsette har i 2015 delteke i ulike etterutdanningstilbod og gjennomført nødvendige sertifiseringskurs.

For å kunne løyse ventelisteproblematikken våren 2015, vart det tilsett vikar med masterutdanning innanfor fagområda språkutvikling, lesing og skriving.

Organisasjonsutvikling

Selskapet engasjerte i 2014 ekstern kompetanse (NAV - PPC Consult) for arbeid med organisasjon, organisering av tenesta og med dagleg leiars oppgåver og arbeidsmengde. Prosjektet omfattar 7 hovedområde; profilen/imaget til tenesta, utviklingsambisjonar, forholdet til styret og representantskapet, leiarfunksjon og støttefunksjonar, individuell oppfølging og utvikling, utviklingsaktivitetar i gruppa og forventningsavklaring i forhold til brukarar/skular og barnehagar. Arbeidet er i gang, men i mindre grad enn først planlagt ut frå behov for å prioritere personalarbeid med støtte frå PPC Consult i staden. Arbeidet er vidareført i 2015, og vil også bli det i 2016. Økonomiske konsekvensar kjem fram i i budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2020.

Tidleg innsats

Tidleg innsats inneber både innsats på eit tidleg tidspunkt i barnet sitt liv og tidlege tiltak når problem oppstår eller blir avdekte. Tenesta ønskjer både å få tilmeldt barn med særskilte behov tidlegare enn i dag, og å vera ein drøftingspart og ein samarbeidspart når barnehage og skule undrar seg over eit barn/ein elev.

På barnehagenivå arbeider PPT framleis mest med å sikre overgangen til skule, men tenesta ønskjer diskusjon om spesialpedagogisk hjelp (§ 5-7) i større grad enn i dag, burde ha vore nytta til førebygging av skeivutvikling og sekundære vanskar. Det er dette, saman med tverretatleg arbeid, som også må til for å hindre auka fråfall i vidaregåande opplæring.

Datasystem

Tenesta nyttar fagprogrammet HK-data til klient og systemarbeid. Programmet blir stadig utvikla. Jamleg kompetanseheving er nødvendig for å kunne nytte systemet på forsvarleg vis. I tillegg til HK-data kjem fagsystema Oppad Sikker Sone (kommune) og ePhorte (fylkeskommunen) - og for OT fagsystema OTTO og VIGO.

Å få opplæring, halde seg orientert og følgje med på utviklinga i dei ulike systema, krev innsats og medfører også bruk av tid for medarbeidarane.

Samarbeid

Tenesta har eit tett samarbeid på fylkeskommunalt nivå i form av ulike møte med utdanningsavdelinga, PPOT leiarmøte og PPOT-samlingar. Daglig leiar er med eit leiarnettverk i Buskerud der alle PPT leiarane i Buskerud (både kommunalt og fylkeskommunalt) deltek saman med representant frå fylkesmannen i Buskerud og leiar for regionen Statped søraust. I hallingdalsregionen har dei to PP-tenestene eit samarbeidsmøte i halvåret der felles fagområde blir drøfta og erfaringar delte. Utover dette er det ikkje noko meir formalisert samarbeid mellom tenestene enn felles treffpunkt som prosjektet Felles Løft, lokale og sentrale konferansar og seminar, og på individnivå ved overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring.

Hovudarbeidsområda til tenesta

Sakkunnig arbeid

Tenesta vil internt framleis ha fokus på utgreiingsarbeid (den sakkunnige prosessen) og sakkunnig vurdering for å kvalitetssikre arbeidet sitt. Utgreiingsarbeid har vore omfattande og krevjande i 2015 då to PP-rådgjevarar har vore langtidssjukemelde. Det vart oppretta en vikarstilling i 80 % frå 01.05.2015 og ut året, men den nye medarbeidaren var også under opplæring i denne perioden.

Trass i at tenesta har fokus på å halde forvaltningslova sine tidskrav i vedtakssaker, har det vist seg at dette har vore vanskeleg å innfri. Ein gjennomgang i 2015 viser at årsaka er det høge talet på individsaker per saksbehandlar.

Spesialundervisning

Tenesta ønskjer å vera med på å snu trenden med aukande tal for spesialundervisning. Tenesta ønskjer å gå i dialog med eigarane sine for å sjå på tilpassa opplæring og spesialundervisning, og utvikle felles målsetjing om å kvalitetssikre dette arbeidet samt arbeide for å få ned spesialundervisninga.

Systemarbeid

Det er ønskje om, og behov for, å dreie fokus i tenesta frå individsaker til systemarbeid, men dette må gjerast i dialog med skuleeigarane. Det er avgjerande at begge partar har felles forståing av dette arbeidet, og at begge partar opplever det som nødvendig og meningsfullt. For å kunne arbeide med barnehagar og skular med systemsaker, treng tenesta tid, rom og auka kompetanse innan kompetanse- og organisasjonsutvikling. Deretter må tenesta sin kompetanse på feltet formidlast til samarbeidspartane.

På grunn av individtilmeldingar og langtidssjukemeldingar har tenesta heller ikkje i løpet av 2015 kunna auke fokuset på systemarbeid. Det har likevel vore ein strukturert intern prosess for å definere kva tenesta ønskjer å kunne tilby, og korleis og kva dette vil krevje av tenesta og dei tilsette. I tillegg har det vore jobba med korleis tenesta kan endre arbeidet med den sakkunnige prosessen for å frigjera tid. Det har også vore jobba med korleis barnehage- og skulekontaktfunksjonen kan brukast betre som ein del av systemtiltakstilbodet.

Tre medarbeidarar i tenesta har delteke i prosjektet «Skolering mot mobbing i Buskerud» som er kompetanseheving for PP-tjenestene i samband med arbeid knytt til utvikling av godt læringsmiljø/gode antimobbetiltak. Det var 4 samlingar á 2 dagar i 2015. PPT og OT nedre Hallingdal IKS ønskjer at dette skal vera eitt av systemtiltaka tenesta kan bruke i det vidare arbeidet saman med skulane.

Gol, 13.04.2016

Astrid Myro Rust (Styreleiar)

Gry E. Bjercknes (Dagleg leiar)